



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 42/2020

Møtedato: 24.11.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om å få plassere åtebu, Vestre Slidre jeger- og fiskarlag

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag søker om å få føre opp åtebu ved grusgruva ved Buaråne. Bua er ca. 2x3 meter og står på hjul. Tiltaket er grunndisponeringstiltak jf. § 12 i fjellova og Statskog avgjer søknad etter uttale frå fjellstyret.

Tiltaket skal brukast for å jakte smårovvilt, spesielt rev. Bua er open for alle og må bestillast på førehand.

Dette er eit svært positivt tiltak og viktig med tanke på forvaltning av småviltet.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at Vestre Slidre jeger- og fiskarlag får plassere åtebu ved grusgruva ved Buaråne. Fjellstyret sin administrasjon får fullmakt til å vurdere plassering saman med Statskog. Avtale om bu skal kunne seiast opp dersom bu ikkje lengre er i bruk.

### Vedtak:

Fjellstyret tilrår at Vestre Slidre jeger- og fiskarlag får plassere åtebu ved grusgruva ved Buaråne. Fjellstyret sin administrasjon får fullmakt til å vurdere plassering saman med Statskog. Avtale om bu skal kunne seiast opp dersom bu ikkje lengre er i bruk.

Vedtaket er samrøystes.

Vedtaket er ikkje enkelvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.11.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag